Førsteblad                    I                                                  1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23                                         Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.                                Herad: Heimsstrand

Emne: Bordskikk til kvardags                       Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Skogstad                           Gard:

(adresse): Heimdal                                 G.nr.          Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Ja, oftast på bondegardar. Mindre i villaer. På bondegardane ved bordet. I villaene i „spisekrok" eller ved kjøkkenbenken.

II Ja. — b) Ja.

III Alle sameleundes.

IIII Likt for alle.

V Ja. (I kjøkkenstua)

VI I høgtidshelga, delvis i stua. Både husbondsfolk og tenara saman.

VII Som regel faste plassar. Husbonden „frami benkä" (høgsetet), husmora fremst på ei side av bordet, så born og tenestegjenter om det er nokon. På andre sida sønerne (– ofte etter alder) og arbeidsfolk.

VIII Dette har nok av og til vore tilfelle, men svært sjeldan. Så vidt eg veit, er det heilt slutt med dette.

IX Ja, eller „frami benkä" for tverenden av langbordet og lengst frå døra.

X Dette ymsar mykje etter busetna og storleiken på husslyden.

XI Nei. Det kom jo mykje an på kva slags arbeid karfolka hadde. I seinare tid er det meir ålment, serleg etter at det vart springvatn i kjøkkenet.

b) Ja.

4900

XII a) Det var ålment for 20–30 år sea, men no
b) får dei grauten på kvar sin tallerk med
c) kvar sin mjølkekumme.
d) Helst ein krukkumme.
e) Ja. Ofte var sirop eller smøraugа, og då var
XV det ymse gong i smørauga og mjølkekoppen.
f) Vert det mjølk att i kummen, drikk ein ut
g) alt. Det er aldri bruka å slå mjølka på graut-
tallerken, utan ein skokar opp mjølk og
slær på kallgraut.
h) Eg trur ikkji det er nokon samanheng
med kaffedrikking at dei fekk kvar sin kopp.
VIII a) Eg veit ikkji om at ein sette gryta på bordet.
Derimot hende det at steikpanna vart set
på ein jarnring med føtar under.
b) Ein legg då gjerne ein duk på bordet,
i kvart fall der den framande sit, og
det er gjerne i plassen åt husbonden (i hög-
setet.) Husbonden sit då nærast den framande.
XIV a) Ja. b) Først ein høveleg stor brødbite, så
sild, fisk, kjøtt oppå den, så potet og kålrabi
(til kjøtet), seinare og stuing av kålrabi og
gulrot, eller steppe til kjøtt så ein brødbite oppå det heile.
Hos oss heite det „båttå".
XV Ja, dette vart oftast gjort.
XVI Den tid dei skjenkte full både kopp og skål,
var ein nøydd til å drikke av skåla. No
er koppen berre 2/3 full, og det er ikkji
vanleg å drikke av skåla. Til kvardags
hender det likevel, når kaffen er for heit.
XVII Gaffelen er komen i bruk smått om senn,
og no brukar ein gaffelen jamt over. Det
hender likevel at ein brukar „femfinger-
gaffelen" some tider, serleg til spekesild
og spekeflesk eller spekekjøtt

4900

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

XVIII Når bordkniven var skjemt, tok mannfolka tollekniven og skar av spekekjøtt eller flesk. Ellest har det så vidt eg kjenner til det, stendig vore bordknivar framlagt. Kvinnfolka brukte desse, men kunde få hjelp av mannfolka, når bordkniven var heilt umogeleg.

XIX a) Ja. b) Ofte innrispa eit par bokstaver. Eg minnest godt at karfolka turka av skeia med trøjeermet og stakk den i ei sprunge i veggen eller eit lite stativ festa til veggen. Treskeier var noko i bruk, men helst hornskeier, som ymse skeimakarar laga, når dei fekk kuhorn eller oksehorn, jo også av varar. Seinare vart bruka tinnskeier eller og sølvskeier.

c) Stålment for ein mannsalder sea, kanskje noko tidlegare.

XX a) Også for ein mannsalder sea og vel det.

b) Tretallerkenar, runde til kjøtt og flesk, avlange til sild.

c) Ja. Sjå ovanfor XII

XXI a) Nei. b) Nei.

XXII Delvis voksduk, men også malt bord, som ein vasker etter kvart måltid—mindest.

XXIII a) No for tia før ein nok forsyne seg sjølv, helst husbonden først, såframt det er nokon skilnad.

b) Eg minnest mor mi „skifte" ut maten når det var kjøtt og flesk. Vart det noko til gode, gøymde dei kvar sitt og åt til „grautpinne" eller etter kveldsmaten.

c) Dei kalla det „å skifte på."

XXIV Det var helst kjøtmat. Eg kan ikkje minnast at smør og ost vart „skifta". Slettes ikkje flatbrød.

4900
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

XXV Karfolka fekk drygare porsjon enn kvinnfolka.
XXVI Så snart barnet vert så pass at det kan halde skei, fær det ta til med „sjölvberging". Ellest er det mor som hjelper barnet. Er det fleire som treng hjelp, tek far seg også til å hjelpe, eller ei eldre söster.
XXVII Stajau, det hende nok at barnet „tok tugg", men ellest var det helst til „tåta" dei tygde saman sukker, kavring og mjölk og ga småborna i vogga.
XXVIII a) Det er sjeldan det vert lest, høgt eller sunge ved bordet.
b) Vert dette gjort, er det ofte eit av borna som bed ei bordbön högt.
c) Dette gjmsar mykje i dei gjmse heimar etter som foreldra er innstilt. Julekvelden er det likevel ålment å syngje ein salme, lese juleevangeliet og be bordbön.
d) Helst der det er born, blir det brúka bordbön, som vert lese högt.
XXIX Ja. både för og no. Kven som helst kunde leggja eit ord med i laget. Det kunde vera vanlegt ordskifte om eit eller anna anten politikk, bygdenytt, drifta på garden, arbeidsmetodar m. v.
XXX Nei, det var nok leitt, om det ikkje var vanlg.
XXXI Ja. „Du må itj syng mé du et".
XXXII Ja. Dette höyrde til god bordskikk.
XXXIII Dette gjnter mykje. I min barndom måtte alle handtakka far og mor for maten julekvelden. Dette galdt både born og tenarar.
XXXIV „Signe maten". Dei meir moderne seg'er no: „Vel bekomme!" Eit fult uttrykk etter min smak.
~~Det kunder også~~
XXXV Nei.

4900

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

XXXVI Ja, ofte, men berre

XXXVII ein kopp kaffe med brød. På bygdene kjenner jo alle kvarandre, og det vanlege er at ein kjend gjest skal ha traktering av eit kvart slag. Dette gjeld den dag i dag.

XXXVIII a) I regelen ja. b) Nei. c) Som fyrr.

XXXIX a) Ein eldar ikkje opp i stova vinters dag for ein tilfeldig gjest, så han får nok vera ~~for~~nøgd med kjøkkenbordet.

b) Skal gjesten ha middagsmat eller anna måltid sit gjerne husfaren med tilbords. Er gjesten eit kvinnfolk, slengjer gjerne husmora seg med og tek ein bit med eller ein kaffetår.

XXXX Serleg tidlegare måtte ein late seg nøde til å forsyne seg. Dette heng i endå, om det ikkje er så gale som tidlegare.

XXXXI a) Ja. b) Helst eit stykke frå for ikkje å verta skulda for å rekne maten i gjesten. Av same grunn skal ein helst ikkje sitja beint mot den framande.

I små rom er ikkje dette så beint fram, med i store bondestovene er det annorleis.

4900

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING